



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/3067-21

7. november 2017

### **Prosess for innspel om ny ferjestandard til bruk i inntektssystemet**

Vi viser til det pågåande arbeidet med å revidere den gjeldande ferjestandarden frå Nasjonal transportplan 2010–2019, jf. brev frå Vegdirektoratet av 17. august i år. Ferjestandarden er eitt av fleire element i berekninga av kriteriet "normerte ferjekostnader", som vil vere ein del av kostnadsnøkkelen i inntektssystemet for fylkeskommunane frå og med 2018.

Føremålet med revisjonen er å gje departementet eit grunnlag for å kunne berekne dei normerte ferjekostnadene på nytt, med utgangspunkt i ein oppdatert ferjestandard. Den reviderte standarden vil ikkje vere førande for korleis fylkeskommunane legg opp rutetilbodet, og fylkeskommunane vil framleis stå fritt til å vurdere kva servicenivå dei vil legge opp til innanfor dei rammene dei har. Mandatet for Vegdirektoratets arbeid er å vurdere den gjeldande standarden ut frå oppdatert informasjon om dagens tilbud for ulike typar samband. Vegdirektoratet legg i hovudsak dagens inndeling i standardklassar til grunn for arbeidet, slik at den reviderte standarden i stor grad vil følgje same prinsipp som dagens standard.

Det blei halde eit møte om arbeidet i Vegdirektoratet 21. september, der representantar frå Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fleire fylkeskommunar deltok. Fleire fylkeskommunar tok på møtet til orde for at den reviderte ferjestandarden burde sendast på høyring når han er klar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet set stor pris på at fylkeskommunane engasjerer seg i arbeidet med ny ferjestandard, mellom anna gjennom deltaking på møte og innsamling av data. Departementet meiner òg det er nyttig og viktig at fylkeskommunane får høve til å kome med innspel i løpet av prosessen og etter at den reviderte standarden er klar.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Lars Tore Rydland  
22 24 68 80

Den reviderte standarden vil bli sendt til fylkeskommunane for uttale så snart den ligg føre. I høyringa vil det bli lagt særskilt vekt på fylkeskommunanes vurdering av om den reviderte ferjestandarden gjev eit betre grunnlag for berekning av kriteriet "normerte ferjekostnader" enn dagens standard. Fristen for å komme med uttale vil vere på om lag åtte veker.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Kommunesektorens organisasjon  
Samferdselsdepartementet  
Statens vegvesen Vegdirektoratet

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Sluppen		
	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Lundsiden		
	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG